

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala  
Sak nr.: 16/2018-1

## **Status oppfølging av forvaltningsrevisjon 3. mars 2016**

### **Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Kontrollutvalet tek status på oppfølging av forvaltningsrevisjon 1-16 til vitande

#### Vedlegg:

- Status FR – versjon 1-16, datert 23. februar 2016

Andre dokument som ikkje ligg ved:

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

Kontrollutvalet legg fram rapportar etter gjennomførde forvaltningsrevisjonar til fylkestinget. Fylkestinget vedtek eventuell oppfølging av tiltak som revisor har nedfelt i rapportane.

Kontrollutvalet skal sjå til at vedtak som fylkestinget har fatta skal følgjast opp. Vidare skal kontrollutvalet sjå til at eigne vedtak vert følgt opp i organisasjonen.

For å få struktur på oppfølgingar av gjennomførde forvaltningsrevisjonsprosjekt er det utarbeidd eit system i form av eit rekneark for oppfølging av fylkestinget sine vedtak vedrørende handsaming av forvaltningsrevisjonsrapportar. Kontrollutvalet får denne statusrapporten med oppsummering av oppfølging til handsaming to gongar kvart år, vår og haust. Denne rutinen er i samsvar med årsplanen for kontrollutvalet.

Statusrapporten som vert lagt fram til møtet 3. mars 2016 er på bakgrunn av oppfølging som er gjort i løpet av hausten 2015 fram til KU-møte 26. januar 2016.

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å ta rapporten til vitande.